


Bryggefjell og Ånto



Bryggefjell kneisar høgt mot NV for Bø. Frå parkeringsplassen Innleggen øvst i Liheia, er det lett å gå på traktorveg bort til Sletteliberga, som er ein flott rasteplass med utsikt over bygda. Det er lang og bratt oppstigning på 430 høgde-meter til fjellryggen med store isskurte, nesten nakne svaberg. På Bryggefjellnuten 778 moh, har ein panoramautsikt ut over heile Midt-Telemark og opp mot Lifjell. Turen opp til varden er 4.2 km. Ein tyngre rundtur går om Tjønnsuldalen. Dette er ein djup, trong, dramatisk dal med høge, bratte lier.

Ein kortare tur går frå parkeringsplassen i Breskelia opp til den gamle husmannsplassen Ånto innunder Bryggefjell. Du går på ei fjellhulle frå Langeskor til Ånto. Her er det flott utsikt over bygda. Det er om lag 3 km til Ånto frå parkeringsplassen Brekkegrenda og 350 m høgdeforskjell.

Bø Turlag
 Bli medlem – støtt arbeid vårt!
 Hugs å oppgi:
 Namn
 Telefon
 Vipps
 731934

Ta med denne plakaten ut på mobilen

Ta med interaktivt kart ut på mobilen.

Sti og traktorveg: Bø Turlag
 Kartgrunnlag: Kartverket
 Høgdetal i heile meter
 Avstandar i **km**
 Kartarbeid: Arne W Hjeltnes
 Februar 2024

- Sti
- ★ Opplevingar
- 20 m høgdekote
- Åpen mark
- Merka sti
- P Parkering og informasjon
- Bebygd område
- Myr
- Traktorveg
- Samferdsel
- Vann
- = Hovedveg
- Innmark
- Skog
- = Lokal veg
- Bygg
- Elv